



”Bli ven med symaskinen din”

Kassa står borte i hjørnet og har stått der heilt sia du fekk ho. Symaskinen står inni... og det har han gjort lenge. Ein maskin det vissnok er meininga alle (i alle fall kvinner) skal ha, og som sjølvstøtt har uendeleg med mulegheiter, men som du berre ikkje har snøring på korleis du skal handtere. Du ser på symaskina med eit stort spørsmålsteikn og meiner symaskina ser tilbake på deg med same undringa. Åleine om fenomenet? Nei, så langt ifrå og NO har du ein sjanse til å gjere noko med det!

Symaskinkurs for nybyrjarar (og litt erfarne):

Stad: BUL i Nidaros sine lokalar i Dronningens gate 21

Tid: tysdag 11. september frå 18.00-21.00 og 4 veker framover (12 timar).

Kurslærer: Hill-Aina Steffenach

Læringsmål: Innføring i korleis maskina di fungerer og dei vanlegaste stingtypar.
Resultatet blir ei flott høstjakke med individuell dekor.

Pris: 500,- for medlem student

650,- for medlem

900,- for ikkje-medlem

I tillegg kjem det ca 300,- kr i materialkostnader for ullstoffet til jakka om du ikkje har rundt 2,5 m av eit anna stoff du vil bruke.

Deltakarar: 10 stk

Påmelding til Hill-Aina på e-post hills@medisin.ntnu.no innan fredag 7. september.

Gje meg eit hint om korleis farge du ynskjer på ullfilten vi skal sy jakke av samt størrelse du trur du må ha.

- | | | | |
|----------------|--------|-------------|---------------|
| - natur | - rosa | - ceriss | - mørk rød |
| - brent orange | - brun | - aubergine | - mørk oliven |
| - mørk lime | - sort | - grå | - mørk petrol |

Gler meg til kreative haustkveldar –

helsing frå Hill-Aina,

Bunadrådet i BUL i Nidaros